

ETTERTANKE OG BØN

7. MARS 2020

Kjære Gud! Ta godt vare på familien min i i dag, og sørg for at alle dei eg er glad i er trygge. Vak over oss og dekk oss med din kjærleik. Må god helse, velsigning og lukke renna over oss. Ta bort alle bekymringar, all frykt, stress og tvil som me måtte ha i hjarto våre. Trøyst alle dei som er skada i dag, og gjer dei bra att. Amen!

Bøn henta frå «Prayer for today», GodTV.

Martyrkyrkja: Kristen mann torturert til døde i Pakistan



25.februar.

Etter ein tøff dag på jobb ute på markene, gjekk Saleem Masih til ein vasspost for å vaksa seg. Den muslimske godseigaren som han jobba for, han heiter Sher Dogar, vart sint då Saleem kom, og sa at han skitna til vatnet. Han sa til Saleem at han var ein skiten kristen, og at han no skulle læra

han ei lekse.

Saman med nokre andre menn drog Dogar vår bror med seg til garden sin der dei lenka han fast og begynte å torturera han, og det heldt dei på med i timevis, og heile natta måtte han liggja i lenkene.

Morgonen etter kom politiet på døra til familien hans og tok dei med til Dogars gard, og der fann dei Saleem i ein miserabel tilstand. Etter litt fram og tilbake fekk dei sett han fri og køyrde han til sjukehus for å bli behandla. Men livet hans stod ikkje til å berga, og den 28. februar døydde han på sjukehus i Lahore.

Familien til Saleem ser det som lite truleg at dei skuldige vil bli straffa, sjølv om prova på mordet er overveldande. Dogar er ein innflytelsesrik mann i området, og politiet har bede familien om å leggja saka til sides. Dei vil ikkje det, og dei har meldt saka, og det er skrive ein FIR (First Incident Report).

Den 2.mars vart Saleem gravlagt, og dei kristne samla seg til ein stor minneseremoni.

Gode Jesus! Ta du familien til Saleem i den mektige hender, trøyst dei og sørg for dei i denne botnlause nauda og sorga som har råka dei, og me ber i ditt namn at Dogar og hans medskuldige skal bli tiltalt og dømt til å betala familien til Saleem stor erstatning for tapet dei har lide. Og så ber me om at Saleems død skal bera frukt ved at mange kjem til tru. Lat det skje i ditt eige namn. Amen!

Gadaria, India



Folketal: 6 472 000.

Religion: Hinduisme

Språk: Hindi

Mange av mennene i dette folket jobbar som murarar.


Det er relativt stor analfabetisme mellom dei.

Dette kan, men treng ikkje vera ei hindring for evangeliet. Gadariane har ein sterk forteljartradisjon.

Så langt er det ikkje registrert ein einaste kristen i dette folket.

Herre! Me ber no for dei som snart skal koma til tru i gadarifolket i India at dei skal bli godt kjent med deg, forsvarleg disippelgjort og at dei skal halda

saman i tette fellesskap og ivrig vitna om Jesus for sine medmenneske. Me veit at du gav livet ditt for alle gadariar, og betalte billetten til himmelen for dei. Kom dei i møte. Send dine tenarar til dei for å rekka dei den store frelsesgåva som du har gjort klar for alle menneske. Løys dei frå hinduismen sine løngudar, og frå alle demonane som bind dei til desse. Amen!



Belize



Folketal: 400 000

Største religion: kristendomen

Evangeliske utgjør 18% av befolkninga.

Språk: Engelsk (ofiisielt), spansk.

Om lag 10% av befolkninga tar del i søndagsgudstenestene.

Det er mykje synkretisme her. Dei spanske innvandarane blandar sanning og overtru, mayaindianarane med avgudsdyrking og afroamerikanarane (garifuna) med magi.

Be om at folk skal få møte sanninga i evangeliet på ein måte som er meiningsfull og sensitiv til

deira kultur, og at Gud skal løysa dei frå djevelens lenker og løgner.

Kristne flest har liten forståing for kva rikdom som ligg Guds nåde i Jesus Kristus, og dei prøver så godt dei kan å leva opp til det dei meiner er Guds standard. Dette kan jo ikkje bli bra.

Be om at Gud skal gje kyrkjene leiarar som kjenner Gud og hans ord, og som elsker folk.

Be om at Ordet må lyda klårt og reint i kyrkjene slik at folk kan bli sette fri frå syndene sine ved trua på Jesus Kristus, og erfara den transformerande krafta som er i evangeliet.

Be om at dei kristne må bli disippelgjort, og bli slike som først søker Guds rike og Guds rettferd i liva sine, menneske som har Jesus i førarsetet.

Det er enorme murar mellom ulike kristne grupper i Belize.

Be om at desse murane må rivast ned, og at Guds barn skal stå fram som eitt folk. Me veit at det vil løysa ut ei elv av åndeleg liv og kraft.